



Statens vegvesen

ABO Plan & Arkitektur AS
Postboks 291
5203 OS

Merete Lunde

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:
16/27510-4

Dykkar referanse:

Vår dato:
19.10.2016

Rekkjefølgekrav – Detaljregulering for Langeland B5 – gnr. 24 bnr. 7 og 90 m.fl. i Meland kommune

Vi viser til dykkar brev datert 30.09.2016 der de ber om ny vurdering av rekkjefølgekrav for område Langeland B5 i Meland kommune.

Grunngjevinga er mellom anna at planområdet ligg nær Sagstad skule og idrettsanlegget Meland Aktiv, at det er ein alternativ trase mot Frekhaug som er mindre trafikkert og at det er fleire bussavgangar dagleg. Tiltakshavar ber Statens vegvesen vurdere ei differensiering av rekkjefølgekravet, der einebustader (18 einingar) kan byggjast medan terrassehus/blokk (ca. 50 einingar) må vente til gang- og sykkeltilbod er bygd.

Vår vurdering ved planoppstart

I vår uttale til oppstartsvarselet skriv vi mellom anna:

Område B5 ligg relativt sentralt til, med under 1 km til kommunesenteret Frekhaug. Innanfor slike avstandar er det ønskeleg at ein stor del av reisene skjer med sykkel eller til fots. Det er òg svært få bussar som trafikkerer strekninga på fv. 244, og det er difor sannsynleg at mange vil føretrekke å ta buss frå Frekhaug terminal i staden. Eit godt og trygt gang- og sykkeltilbod kan få fleire av desse reisene på sykkel eller til fots.

Det er allereie mange som går langs denne vegen i dag, og etter vårt syn har vegen med dagens standard nådd eit mettingspunkt, spesielt av omsyn til gåande og syklende. Dagens veg er ikkje bra nok for den auka bruken som ein legg opp til ved utbygging av område B5, og ved nye målsetningar om ein høg del gåande og syklende.

Ved vår vurdering la vi til grunn ei utbygging på ca. 70 bueiningar, som omtalt i oppstartsvarselet. Vi var òg kjent med den alternative ruta til Frekhaug.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

Ny vurdering

Den alternative gang- sykkelruta til Frekhaug vurderer vi ikkje som attraktiv og trygg nok til å oppnå målsetninga om fleire gåande og syklende. Ruta er ein omveg, delvis trafikkert med bil, og av varierende standard. Etter vårt syn bør ein utbygging av eit så sentralt område som B5 Langeland vere basert på ein høg del gåande og syklende, og det er då avgjerande at naudsynt og god infrastruktur for mjuke trafikantar er på plass før utbygging startar. Viss utbygging skjer før infrastrukturen er på plass, vil trafikken til/frå bustadområdet verte bilbasert. Dette er ikkje i tråd med verken lokale eller nasjonale målsettingar.

Trass i manglande tilbod er det ein del som vel å gå/sykle langs fylkesvegen i dag. For å ivareta deira tryggleik meiner vi at det ikkje er rett å tillate meir trafikk på denne vegen, og spesielt ikkje auka lokal biltrafikk. Etter vårt syn må rekkjefølgekravet om separat gang- og sykkeltilbod gjelde heile område B5, og ikkje berre terrassehus/blokk.

Reguleringsplan for gang- og sykkeltilbod langs fv.244

På møte 14.09.2016 informerte vi tiltakshavar om at Statens vegvesen skal utarbeide reguleringsplan for gang- og sykkeltilbod langs fv. 244 mellom Frekhaug og Sagstad skule, i samband med omregulering av Frekhaug-krysset. Reguleringsarbeidet er venta å starte hausten 2016, med mål om ferdig godkjent reguleringsplan våren 2018.

Det er ikkje sett av midlar til bygging av gang- og sykkeltilbod langs fv. 244 i forslaget til Nordhordlandspakke som ligg til handsaming i Stortinget.

Konklusjon

Statens vegvesen held fast på vår vurdering om at område B5 Langeland må ha rekkjefølgekrav om separat tilbod for gåande og syklende langs fv. 244 mellom Sagstad skule og Frekhaug.

Statens vegvesen Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Marianne Skulstad
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Meland kommune, Postboks 79, 5906 FREKHAUG